

**Fra:** [Post Alver byggesak](#)  
**Til:** [Per Søfteland](#)  
**Emne:** Flytebrygger knytt til naust på gbnr 319/66 og 319/68  
**Dato:** tirsdag 6. juni 2023 13:32:32  
**Vedlegg:** [image001.png](#)

---

Hei Per Søfteland

Eg viser til samtale i dag om flytebrygger knytt til naust i Dalstø.

Det går fram av kommunedelplanen punkt 1.6.8 at på areal med direkte tilknytning til naust kan det etablerast flytebrygge på inntil 15 m<sup>2</sup> som fellesanlegg med maksimal breidde på 3 meter. (Felles for minst 2 nausteiningar)

Tiltaket vil ikkje krevja dispensasjon verken frå arealføremål eller byggegrense mot sjø, jf. plan- og bygningslova § 1-8, men det må sendast inn søknad om løyve til tiltak.

*Vi gjer merksam på at denne førespurnaden er svart ut med den informasjonen kommunen haddde tilgjengeleg på svartidspunktet. Det er i svaret ikkje tatt stilling til sjølve tiltaket, men gjort ei generell rettleiing som ikkje er bindande for vidare sakshandsaming. Ynskjer du meir konkret informasjon og vurdering av tiltaket, kan du bestille førehandskonferanse her:*

*<https://www.alver.kommune.no/innhald/plan-bygg-og-eiendom/skal-du-byggje-endre-eller-rive/forehandskonferanse/>*

*Om du ynskjer at nokon skal sjekke kvaliteten på søknaden eller hjelpe til å ferdigstille søknaden, må du kontakte fagfolk. Viss du synast heile søknadsprosessen er vanskeleg vil vi anbefale deg å kontakte eit ansvarleg føretak (byggmeister / arkitekt) som kan hjelpe deg med dette. Det vil spare deg for mykje tid og eventuelle problem i søknadsprosessen. Vi gjer merksam på at ved mangelfulle søknader vil det oppstå ekstra kostnader og lengre sakshandsamingstid.*

Ytterlegare spørsmål i saka kan rettast til [byggesak@alver.kommune.no](mailto:byggesak@alver.kommune.no) eller på telefon tysdag eller torsdag til byggesaksvakta.

Vennleg helsing

**Anne Lise Molvik** | Rådgjevar byggesak

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

[www.alver.kommune.no](http://www.alver.kommune.no)



**ALVER**  
KOMMUNE